

## Referat breiddestyremøte onsdag 28.jan 2015 kl 1900 i Flostova

Breiddestyret: Kirsti, Aina, Morten B, Morten L, Frank, Tom Rune. Forfall: Peter, Ann Helen.

Sport/utviklingaavd: Marius Kloster, Sebastian Kaldestad. Forfall: Marius Bøe

Hovudstyret: Vegard Fusche Moe. Forfall: Jan Rune Årøy

### **05-15: Sportsplan.** Vedtakssak

Grundig drøfting og gode diskusjonar rundt innkomne innspel frå høyringsrunde. Nokre element tatt inn i sportsplanen, andre ikkje. Det er gjort nokre persiseringar knytta til turneringar. Under inkludering er Sogndal United beskrive. Elles nokre små endringar.

(Kven og kva innspela gjekk ut på er unntekte offentlegheita)

Sportsplanen einstemming vedteken av breiddestyret!

### **06-15: Årsmelding breiddefotballen**

Årsmeldinga for breiddefotballen einstemming vedteken!

### **07-15: Ymse**

Medlemskontigent SIL. Alle fotballspelarar må betale medlemskontigent i SIL. Viktig i forhold til forsikring for dei under 13 år. Kjem ein e-post om dette frå klubben i nær framtid.

Det er inngått ein avtale med Intersport om rabattar på visse merkevarer og i tillegg 35% på ein eigen Sogndal Fotball klubbkolleksjon. Klubb sender ut info om klubbkolleksjonen når den er klar.

Frank informerer om at rek.dommar kurs diverre vart avlyst. Nytt kurs i april.

Kirsti infomerer om at arbeidet med klubbhandboka no har tatt store steg mot å bli ferdiggjort.